



Fylkesberedskapsrådet i Rogaland

Kontakt saksbehandlar

Reidar Johnsen, 51 56 88 39

## Invitasjon til møte i Fylkesberedskapsrådet 29. november 2019

Fylkesmannen viser til e-post av 24. oktober 2019 der me informerte om tidspunkt og stad for neste møte.

Sist møte i fylkesberedskapsrådet var 29. mai 2019. Då var med på Hovudredningsentralen på Sola og fekk mellom informasjon om redningsaksjonen av cruiseskipet Viking Sky. Her ligg informasjon om kva som var tema på dette møtet;

<https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Regional-beredskap1/moter-i-fylkesberedskapsradet/fylkesberedskapsradet-redningsaksjonen/>

Fylkesmannen hadde 6. og 7. juni 2019 ein gjennomgang av korleis med jobbar med beredskap frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og me hadde styringsmøte med same direktorat 5. september 2019.

Eit forbederingspunkt me fekk var å bruke fylkesberedskapsrådet meir aktivt under særskilde hendingar. Me har ikkje hatt ekstraordinære møter i rådet sidan 2009 (svineinflensaen). Når det har vore ekstraordinære hendingar dei siste 10 åra (mest ekstremvêr) har me hatt kontakt med fleire av dykk, men berre ein til ein og ikkje med alle til stade samstundes på stabssjefsnivå.

Dette vil me gjere noko med. Fylkesmannen vil denne gong nytta høvet til å bu Fylkesberedskapsrådet på ein meir aktiv rolle ved hendingar. Då må vere einige om korleis rådet skal innkallast utanfor vanleg arbeidstid (til dømes ved bruk av skype) og korleis møta skal vere for å få dei så effektive som mogleg.

### PROGRAM:

Tema	Tid
Innleiing v/Lone Merethe Solheim	kl. 10.00 – 10.15
Øvelse Hafrsfjord 2020 v/ Steinar Bødker, HV-08	kl. 10.15 – 10.35



FylkesROS Rogaland – oppfølgingsplan – orientering om status v /Tonje F. Aase, Fylkesmannen	kl. 10.35 - 10.50
Pause	Kl. 10.50 – 11.00
Varsling og gjennomføring av ekstraordinære møter i Fylkesberedskapsrådet v/Reidar Johnsen, Fylkesmannen	Kl. 11.00 – 11.30
Lunsj	Kl. 11.30 – 12.15
Øving av Fylkesberedskapsrådet – Me vil diskutere eit scenario som blir send deltakarane før møtet. v/Lone Merethe Solheim	kl. 12.15 – 13.15
Eventuelt Her er det satt av tid til kort info om nokon ønsker å informere om nytt frå eigen verksemd	Kl. 13.15 – 13.30
Ymse og oppsummering v/Lone Merethe Solheim	Kl. 13.30 -

Møtet er i Statens Hus, Lagårdsveien 44. Frist for påmelding er **26. november 2019**.

Meld deg på ved å sende e-post til [reidar.johnsen@fylkesmannen.no](mailto:reidar.johnsen@fylkesmannen.no)

Dette brevet blir berre sendt som e-post.

Vel møtt!

Med helsing

Lone Merete Solholm  
fylkesmann

Reidar Johnsen  
fylkesberedskapssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Adresseliste:

- Avinor
- Bane Nor
- Rogaland brann og redning IKS
- Haugaland brann og redning IKS
- SR-bank
- Fiskeridirektoratet
- Rogaland fylkeskommune
- Heimevernet
- Helse Fonna
- Helse Stavanger
- HRS
- Den norske kyrkje
- Lyse Elnett
- Kystverket
- Mattilsynet
- Nav
- NHO
- Norsk Folkehjelp
- NRK
- NVE
- Ptil
- OD
- Politiet
- Røde Kors
- Sivilforsvaret
- Sjøfartsdirektoratet
- Statens kartverk
- Statens Vegvesen
- Telenor
- IVAR
- Fylkesmannen, både embetsleiing og leiarar frå ulike fagavdelingar